

# PROTOKOLL

## ÅRSMØTE I FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV SOGN OG FJORDANE Førde, 27.03.2012

### Frammøtte:

Naturvernforbundet:

Lin Hjelmeland Finjord  
Marit Vøien Nes

NJFF:

Karina Hettle Solheim (AU)  
Reidun Solberg Seim

SFT:

Astrid Kalstveit  
Marino Ask (AU)  
Alvar Melvær

Kystlaga:

Lars Olav Rylandsholm

Fortidsminneforeininga:

Ove Losnegård

FNF:

Elisabeth Dahle

Gjest: FRIFO:

Anne Marie Aamelfot Hjelle

Elisabeth Dahle opna årsmøtet og ønska vel møtt.

### Sak 1. Val av møteleiar og skrivar

Lin Hjelmeland valt som møteleiar og Reidun Solberg Seim som skrivar.  
Ove Losnegård og Astrid Kalstveit valt til å skrive under årsmøteprotokollen.

### Sak 2. Godkjenning av innkalling

Endringar i saklista:

Val av 2 til å underskrive årsprotokollen vert lagt til sak 2.

AU vurderer å setje opp årsplan og budsjett på saklista, og årsmøte vert halde innanfor søknadsfristen til FRIFO.

### Sak 3. Årsmelding

Elisabeth las opp årsmeldinga, samt hovudpunkt i vedlegg til årsmeldinga.

Tillegg i vedlegget: Kystlaget deltok på folkemøte i Bremanger 20.09.11 og skreiv ei høyringsfråsegn konsesjonssøknad Bremangerlandet vindkraft saman med SFT.

Tillegg til årsmeldinga: FNF har hatt fleire presseoppslag og til neste årsmelding tek ein med kva avisinnlegg og pressemeldingar ein har hatt frå FNF under informasjon.

Årsmeldinga slik den er forelagt med tillegget er godkjent.

#### **Sak 4. Årsrekneskap**

253.491,50 i overskot. Bankinnskott pr 31.12.11 747.137,38

Løypemerkingsmidlane gjer at overskotet vert så stort, er eit kortsiktig prosjekt.

Revisor har revidert rekneskapen og funne den i orden.

Utgifter til AU-møter og fellesmøter var svært låge i høve budsjett, få møter, lita deltaking?

Jollene er avskreve under noter, men ikkje med i balansen. Vurdere å ta dei med i årsmeldinga i staden for neste år.

Rekneskapen godkjent.

#### **Sak 5. Utpeiking av representantar med vararepresentantar til arbeidsutvalet**

SFT: Marino Ask. Vara: Egil Loftesnes går inn i staden for Britt Småvik for SFT.

Kystlaget: Sven Ove Ask. Vara: Lars Olav Rylandsholm

4H: ikkje tilstade, og må gje tilbakemelding.

Naturvernforbundet: Haakon Breien. Vara: Marit Vøien Nes går ut og Lin Hjelmeland inn.

NJFF: Gir tilbakemelding om nye representantar når dei er valde på styremøte

#### **Sak 6. Utviding av arbeidsutvalet**

Fortidsminneforeininga og Sogndal Klatreklubb er nye organisasjonar i FNF og vert innlemma i AU. Organisasjonane sender beskjed til FNF kven representantane vert dersom dei vil vere med.


#### **Sak 7 Forslag frå NJFF om korleis FNF skal framstå utad i saker**

Saka frå NJFF vart lagt fram. Årsmøtet har 5 stemmeberettiga, ein frå kvar organisasjon

Vedtak: Forslaget til NJFF Sogn og Fjordane fall med 4 stemmer.


#### **Sak 8 Innkomne saker**

Ingen andre innkomne saker.




Reidun Solberg Seim

Referent



Astrid Kalstveit



Ove Losnegård